

## Beklagar manglande snørydding

Ein oppsitjar i Ottasvingen har nyleg sendt ei klage til Volda kommune knytt til manglande brøyting/rydding av ein snuplass i nabølaget. I sitt svar legg kommunen seg flat og beklagar. Leiar for anlegg og drift, Malvin Kile, samla nyleg dei fire som er tekniske vakter for å diskutere saka.

– For å gjere ei lang historie kort, ser vi at du har rett i det meste du skriv i saka, skriv Kile i svarbrevet. Han minner samstundes om at det har vore ein litt spesiell vinter hittil i år.

– Brøytemannskapet har køyrt nesten ”over evne”. Dei har køyrt plogar for det meste, og har ikkje hatt tid til rydding. Normalt er det litt opphald, slik at kryss og parkingsplassar kan ryddast. Dette har det vore lite tid til i år, forklarer Kile. Han viser vidare til at på brøyteroda som Ottasvingen hører til så er det to nye brøytarar i år.

– Desse sjåførane har dessverre ikkje fått god nok informasjon om korleis det må ryddast på snuplassen du viser til, og dette er vårt ansvar. Dette beklagar eg på det sterke. Dette vil velle verte betre når dei no veit korleis dei skal brøyte, avsluttar Kile.

## Fleire konsertar i Propellhallen

Propellhallen.org søker Volda kommune om løyve til å ha to konsertar i Industriagata 17, 23. og 24. april, som ein del av prøveprosjektet med konsertar i bygget.

– 23. april er det Ungdomssymfoniorkesteret ved kulturskulane i Volda, Ørsta, Herøy og Ulstein som vil spele. Dei vil vere kring 50 utøvarar, og vi må rekne med eit publikum på om lag 250 personar, altså kring 300 inne til saman, opplyser Magnar Åm i söknaden. Dei 50 utøvarane vil også ha øving i hallen om kvelden 22. april.

– 24. april er det kammerkoret Stempt som vil syngje. Dei er om lag 20 utøvarar, og publikum vil bli kring 150 personar, altså 170–200 inne til saman, held Åm fram. Han viser vidare til at sidan Scana er i ferd med å fjerne alt sitt utstyr frå huset, så vil det bli meir plass rundt stolradene for rømming enn det har vore ved dei første testkonsertane. Publikum vil også verte instruert om evakueringsrutinane før konserane tek til.



\* Ann Lajla Brungot og Bjørlos Liniko. Foto: Mathilde Strand Johnsen



\* Ida Kristine Standal og Endrar. Foto: Mathilde Strand Johnsen.

# Luftige svev i sesongstarten

**Fleire ekvipasjar frå Volda og Ørsta var til start under Eid ride- og køyrekubb sitt sprangstemne førre helg. For mange markerte dette starten på årets stemnese-song.**

Volda rideklubb var representert med Ida Kristine Standal/Endrar og Ann Lajla Brungot/Bjørlos Liniko. Sunniva Bøkestad/Williams Bob representerte Ørsta ride- og køyrekubb, og i tillegg deltok Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann/Birkeholms Thoke Patsijon. Sistnemnde er frå Volda, men representerer Eid ride- og køyrekubb sportsleg i år. Alle dei lokale ekvipasjane gjorde ein god innsats under stemnet, og fleire fekk fine premiar med heim.

### Klarte kvalifiseringskravet til NM

Laurdag var det mange «Clear round»-klasser på stemnet. Clear round tyder at feilfrie rundar vert lønna med sløyfer, og desse klassene har ingen rangering. Såleis fekk dei fleste ein mjuk start på stemnesesongen, der dei kunne tenkje gode ridevegar og jamt tempo framfor å stresse med tidspress. Søndag var dei fleste klassene på tid.

Ann Lajla Brungot fekk feilfrie rundar i to ulike 70 cm-klasser



\* Sunniva Bøkestad og Williams Bob. Foto: Mathilde Strand Johnsen.

laurdag, og var godt nøgd med det. Ann Lajla måtte tolde eit riv i både 70 og 80 cm søndag, men nådde målet om kvalifisering til Fjordhest NM.

Ida Kristine Standal måtte tolde riv i både 70 og 80 cm laurdag. Søndag vart det også riv i begge klassene ho stilte, så ho var naturlig nok ikkje heilt nøgd med innsatsen. Dette var ekvipasjen sitt andre sprangstemne saman, då Ida

nyleg har lånt Endrar med sikte på å starte Fjordhest NM til sommaren. Sidan ekvipasjen fullførte klassene, er NM-kvalifisering i boks.

### Klassevinnar frå Ørsta

Sunniva Bøkestad gjekk til topps i både 90 cm og 100 cm laurdag. Ho vann også 80 cm søndag, men fekk eit riv i 90 cm og hamna utanfor «pallen» i den siste klassa.

Godt gjort av ekvipasjen, som for tida går på Fjordane Folkehøgskule på Eid.

Liv Jorunn Nyhagen tok 2.-plass i 90 cm laurdag med Thoke, og med Pokemann fekk ho feilfrie rundar både i 70 og 80 cm. Thoke klarte også ei feilfri runde i 80 cm. Søndag tok Pokemann 2.-plass i 70 cm. I 80 cm gjekk det litt for sakte i omhoppinga, så det vart ein 6.-plass der. Thoke vart fyrste uplasserte i både 80 og 90 cm søndag, på høvesvis 4. og 3.-plass. Dette resultatet var ho nøgd med, med tanke på at ho ikkje hadde fått trenna sprang med hestane sidan oktober på grunn av vêr og føre.

### 1. og 2.-plass i dressurcup

Førre helg var det også utdeling av premiar i Sogn og Fjordane ryttarkrins sine cupar. Liv Jorunn Nyhagen og Pokemann gjekk til topps i den høgste av dressurcupane, MB, etter stabile resultat på dette nivået gjennom heile året. Nyhagen tok også 2.-plassen i MB-cupen med sin andre hest, Birkeholms Thoke Patsijon.

Styret i VRK



\* Liv Jorunn Nyhagen og Pokemann. Foto: Mathilde Strand Johnsen.